



Det blir 3 teksttrekkjer i staden for 2. Her er sokneprest Kristian Due i kyrkja julaftan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Frå 1. sundag i advent kan dei prestegjelda som ynskjer det, ta i bruk ei revidert gudstenesteordning. Innan eit år skal så den nye liturgien vera på plass i alle kyrkjelydane i landet. Over 100 kyrkjelydar har prøvd ut framlegget og kome med innspel og merknader

Så langt vi kjenner til har ingen av kyrkjene i Kvinnherad vore med i prøveordninga. Nyordninga inneber ein del endringar og justeringar, særleg når det gjeld liturgien for dåp og nattverd.

Nytt er det og at vert innført tre teksttrekkjer, mot i dag i to. Sagt på ein annan måte: I dag vert det preika over same teksten annakvart år. Med ny ordning vil det gå tre år før det vert preika over same teksten.

Sentrale føringar for ny gudstenesteordning ligg i orda: Lokalt, involvering og fleksibilitet. Dei lokale sokneråda vil tilførast meir omfattande mynde til å forma ei eiga lokal gudsteneste.

Endeleg avgjerd om ny gudstenesteordning skal gjerast på kyrkjemøtet våren 2011.

Kyrkja går ei ny tid i møte. Det store reformarbeidet i kyrkja gjeld og arbeidet med ny og utvida salmebok.

Av Kristian Bringedal



Liturgien blir endra. Her er organist Reidar Algerøy i kyrkja. (Foto: Kristian Bringedal)